



# Ulstein kommune

## Oppvekst- og kulturetaten

Lag og organisasjonar i Ulstein

Saksnr	Løpenr.	Sakshandsamar	Dato
2009/114	1215/2009	ABR	20.02.2009

### KULTURMIDLAR 2009 - DRIFT

Grunna sjukdom på kontoret, har ikkje informasjon om kulturmidlar til drift for 2009 nådd ut til laga før no. Ordinær søknadsfrist er 1. mars kvart år, men vi har sett fristen til **1. april** i år, på grunn av dette. De som alt har levert søknad for 2009 kan sjå vekk i frå dette brevet.

Lag, organisasjonar og einskildpersonar som driv aktivt kulturarbeid i Ulstein kan no søkje om kulturmidlar til drift for 2009. Kulturarbeid som kjem barn og ungdom til gode vert prioritert ved tildeling av tilskot.

Vedlagt finn de søknadsskjema og retningslinjer til kulturmidlar. Dette ligg også på nettsidene til Ulstein kommune, under "Fritid, kultur og idrett" -> "Kulturmidlar" i venstremenyen.

Hugs at de må legge ved årsmelding, revidert rekneskap og medlemsliste. Dersom de ikkje har avholdt årsmøte endå, kan de avtale å ettersende dette.

Dersom laget har underavdelingar, kan dei levere eigen søknad.

Sakshandsamar er Annika Brandal, og kan treffast på telefon 70 01 77 08 eller e-post [annika.brandal@ulstein.kommune.no](mailto:annika.brandal@ulstein.kommune.no).

**Søknadsfrist er 1. april 2009.**

**Minner også om fristen for å søke treningstid som er 1. mai 2009.**

Med helsing

Leif Ringstad  
oppvekst- og kultursjef

  
Annika Brandal  
kulturkonsulent